

100-meterdiktet

Om undervisningsopplegget

Dette undervisningsopplegget er laga av Annelise Fjeld Knutsen, lektor hjå Frederik II Videregående skole. Ho har generøst delt dette med alle som deltar i Lesereisen, og har sjølv brukt det kvart einaste år med elevane sine sidan 1993.

Mål: Undervisningsopplegget gjev elevane fysisk aktivitet, samstundes som elevane skaper noko skriftleg og kan gjera etterarbeid med å lesa og skapa ein felles tekst.

Utstyr: Skrivesaker og papir / digital eining som ein kan ta med ut og evt. utskrift av opplegga som elevane kan ha som hugseliste.

Tid: Ein undervisningstime og evt. ein time til etterarbeid. Dette kan tilpassast alderstrinnet og tida ein har til rådvelde.

Undervisningsopplegget har vorte brukt på videregående skule, men har blitt tilpassa 1.-2. trinn, 3.-4. trinn og 5.-7. trinn i samarbeid med Annelise av oss i Lesereisen. Vi har og lagt til et valfritt etterarbeid. Sjå under. Vidare følger dei tre tilpassa opplegga samt det originale til slutt. Her er det mogleg å dela ut arka til elevane som støtte og hugseliste, men de kan og ha det på tavla og gjennomgå dei før de går ut. Det er sjølv sagt og mogleg å endra antal skritt, måte å røyre seg på etc.

Felles etterarbeid kan gjerast på ulike måtar:

Individuelt arbeid

Elevane sitt att med ein tekst på x antal linjer (tilpassa årstrinnet).

La elevane revidera som de ynskjer (stryke, legge til, forandre). Tips: Det vert ofte betre om eir stryk første og siste setning.

La elevane fremføra dikta og/eller stille dei ut ved å hengje dei opp. Her kan ein pynta/illustrere og nytta fantasien.

Fellesarbeid

Elevane sitt att med ein tekst på x antall linjer (tilpassa årstrinnet).

La elevane plukka ut dei setningane dei liker best, før dere sett dette saman til eit klassedikt som de heng opp på veggen i klasserommet.

Kanskje de kan ha ei felles framføring av dikta på skulen med alle trinna/klassane?

100-meterdiktet for 1.-2. trinn

Ta med penn og papir.

Gå ut.

Hugs at ei setning kan vera både lang og kort .

Tel til femti medan du går.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du ser.

Tel til femti på nytt, medan du hinkar.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du luktar.

Tel til femti på nytt, medan du går som ein elefant med lange steg.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du tenkjer.

Tel til femti på nytt, medan du går som ei mus, med museskritt.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du ser.

Tel til femti på nytt, medan du går.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du føler.

No har du eit dikt eller ein kort tekst på fem setningar.

Det er lurt å gå litt i ring, ikkje berre rett fram.

100-meterdiktet for 3.-4. trinn

Ta med penn og papir.

Gå ut.

Hugs at ei setning kan vera både lang og kort .

Tel til hundre medan du går.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du ser.

Tel til hundre på nytt, medan du hinkar.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du opplever.

Tel til hundre på nytt, medan du går som ein elefant med lange steg.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv ei setning om det du tenkjer.

Tel til hundre på nytt, medan du går som ei mus, med musedritt.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv to setningar om det du ser.

Tel til hundre på nytt, medan du går som ein elefant med lange steg.

Stopp.

Sjå rundt deg.

Skriv to setningar om det du opplever.

Nå har du eit dikt eller ein kort tekst på sju setningar.

Det er lurt å gå litt i ring, ikkje berre rett fram.

100-meterdiktet for 5.-7. trinn

Ta med deg penn og papir. Gå ut. Hugs at ei setning kan vera både lang og kort .

Tel til hundre medan du går.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga..
- Når du har kome til hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv ei setning om det du opplever.

Tel vidare til to hundre medan du går med lange skritt.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til to hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv to setningar om det du opplever.

Tell vidare til tre hundre medan du går med korte skritt.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga..
- Når du har kome til tre hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv tre setningar om det du opplever.

Tell vidare til fire hundre medan du går baklengs eller sidelengs.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til fire hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv fire setningar om det du opplever.

Tell vidare til fem hundre medan du går med hurtige skritt.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til fem hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv fem setningar om det du opplever.

No har du eit dikt eller ein kort tekst på femten setningar.

Det er lurt å gå litt i ring, ikkje berre rett fram.

100-meterdiktet

Ta med deg penn og papir. Gå ut. Hugs at ei setning kan vera både lang og kort .

Tel til hundre medan du går.

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv ei setning om det du opplever.

Tel vidare til to hundre medan du går

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til to hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv to setningar om det du opplever.

Tel vidare til tre hundre medan du går

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til tre hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv tre setningar om det du opplever.

Tel vidare til fire hundre medan du går

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga.
- Når du har kome til fire hundre, stoppar du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv fire setningar om det du opplever.

Tel vidare til fem hundre medan du går

- Prøv å ikkje tenkje på det du skal gjera.
- Konsentrer deg om tellinga..
- Når du har kome til fem hundre, stopper du opp.
- Sjå, lytt, lukt og opplev staden du har kome til.

Skriv fem setningar om det du opplever.

No har du eit dikt eller ein kort tekst på femten setningar.

Det er lurt å gå litt i ring, ikkje berre rett fram.

Etter 45 minutt møtast vi i klasserommet.